

# vika Skarven

lokalavis for Vik i Øygarden



14. august 2012 Nr. 2 – 12. årgong

Utgjevar: Vik grendalag

[www.vikaskarven.net](http://www.vikaskarven.net)

## Mykje liv på Toftøydagen side 4-5



### Stolt styrmann

Vidar Vik leverer forsyningar til oljeplattformer i Nordsjøen. Han elsker jobben sin, fortel han.

Side 3



### Fylte 105 år

Brynjulf Torsvik er no den tredje eldste mannen i Noreg.

Side 6



### Sprek syklist

Per B. Vik fekk sin første sykkel som 50-åring. No har han vorte ein sykkelentusiast.

Side 7



## SparebankenVest

- satser på Vestlandet



# Jonsokkveld i flott sommarvêr på Vik



## Lagar film om palekast

5. september startar opptak til ein film som skal lagast om landnotkastinga etter pale som føregjekk i Svelgen for rundt 50 år sidan. Det var spesielt Larsefolket som kasta etter pale frå land i Svelgen, og filmen skal difor lagast med utgangspunkt frå Larsenaustet. 5. september startar filmopptak i naustet ved hjelp av den profesjonelle filmfotografen Nils Sæbø. Medverkande i filmen vert først og framst erfarne fiskarar frå Vik. Filmen tek mål av seg å visa korleis steminga var i naustet før ein kasta, sjølv kastet og det som skjedde etterpå. Det er Ottar Vik som er primus motor bak prosjektet, og han håpar mange frå Vik har tid å stikka innom naustet 5. september for å sjå på filmopptaka og kanskje vera med på filmen som "forveten" vikamann.



## Ny trafo på Vik

Stor bustadbygging på Søre Vik, fører til at BKK vart nødt til å oppgradera trafoen som leverer straum til alle bustadane på Søre Vik.



**STORT BÅL:** Som alltid var det eit solid bål på Vik.

## Fiskekonkurranse, grilling, folkefest og flott sommarvêr gjorde at det vart nok ein flott jonsokkveld.

Årets jonsokfeiring var ein stor suksess. Ikkje berre på grunn av vêret, men også mykje fordi det var så mange flotte aktivitetar som var med på å skapa folkefest for born og vaksne.

Før båltenninga kunne alle delta i til dømes fiskekonkurranse, potetløp, natursti og leiting etter skattekiste. Fiskekonkurransen

var den aktiviteten som fenga mest, der både små og store hevda seg og vart særst engasjerte.

### God grillmat

Alle kunne kosa seg med grillmat frå ein stor fellesgrill på kaien, og folk hadde også med seg eingongsgrillar. Det var også sal av kaker, kaffi og brus.

Folk kom i sekstida om kvelden, og kaien var full av folk i alle aldrar. Truleg møtte rundt 200 menneske, og fleire bygder i kommunen var representerte.

Klokka åtte om kvelden vart bålet tent på Storholmen. Bålet

var ekstra stort i år, og det meste brann fort og flott opp.

### Ein del skit på bålet

Vik er ei av få bygder som framleis har jonsokbål, og det er bra. Mindre bra er det at mange hiv gjenstandar på bålet, som ikkje er brennbare i det heile. I år var det til dømes eit kjøleskap på bålet.

Det vert på det sterkaste oppmoda til at berre materiale som brenn lett og reint vert tilkøyrt bålet. Dette av omsyn til miljøet og ikkje minst dei som ryddar.

**øygarden**  
elektriske as

Tlf. 5638 9424 Faks: 5638 8040  
Øygardsvegen - 5336 Tjeldstø  
Epost: [post@oygarden-elektriske.no](mailto:post@oygarden-elektriske.no)





**HAR KONTROLL:** Vidar Vik har full kontroll når han sit på broen på den nye supplaybåten "Viking Prince".



# Lever ut barndomsdraumen

**Vidar Vik (29) fraktar forsyningar til oljeplattformar som styrmann på supplaybåt. Vidar har alltid drøymt om å verta skippar.**

Den nye supplaybåten la frå kai i slutten av mars i år, frå eit verft i Ulsteinvik.

– Dette er ein av dei mest miljøvennlege gassdrivne supplaybåtane som rederiet Eidesvik på Bømlo har skaffa seg, seier Vidar Vik (29).

Vidar trivs godt som overstyrmann på den moderne båten, som er 90 meter lang og gjer ein fart på

litt over 16 knop. Lastedekket er på 1050 m<sup>2</sup>.

## Mykje drittver

Vidar har eit mannskap på 12 personar under seg og den unge styrmannen frå Knappen ser fram mot tida han har framfor seg som sjømann.

Supplaybåten har sitt arbeidsområde på dei nye oljefelta utanfor Karmøy og Florø. Dei forsyner plattformar med ulike varer og tenester frå Tananger, Stavanger og Florøbasen.

– I vinter har det vore fælt. Vind opp i 70 knop og bølgehøgde på 5-10 meter. I slikt vær kan ikkje plattformane bordast. Maks bølge-

høgde er 3-4 meter. Det er utfordrande å manuvrera i slike bølger.

– Det har vore drittvær i heile vinter, sukker Vidar på sin lune og humoristiske måte.

Men sjølv om det er myke «slinger», er det eit yrke han trivs godt med.

## Vil verta kaptein

– Eg kjem nok til å satsa på å ha min arbeidsplass på sjøen, helst på supplaybåt. Når eg er ferdig med «fartstida», kan eg rykkja opp og verta skippar. Det ser eg fram til.

Den unge sjømannen frå Knappen har nådd over mykje i sitt korte arbeidsliv. Han starta si toårige grunnutdanning på Skuleskipet

Gann. Vidare var han lærlingmatros på Eidesvik sin Viking Poseidon, og andre båtar i dette rederiet.

– Fagprøven tok eg om bord på Elieser 6. Båten var klasserom og praktisk arena for eksamensdagen. Eg gjorde ein feil på prøven. Det var noko eg skulle laga; ein losleider. Den skal lagast av Mannilla tau. Det kjem eg aldri til å gløyma, smiler Vidar Vik, som besto fagprøven med glans.

– Militærtjenesta tok eg på Kystvakten. Me held oss for det meste med Svalbard, der me brøya opp is som kunne vera 2 meter tjukk.

Styrmannsskulen og skipparsskulen tok han i Austevoll. Etter at det var unnagjort, har han gått gradene på ulike båtar, og målet, som han reknar med å nå om få år, er å verta skippar.

– Sjølivet er eit flott liv, slår Vidar fast.

**KIWI** mini pris



4

# Toftøydagen vart

**Levande musikk, kunst og kystkultur skapte eit yrande liv på Vikavågen søndag 10. juni.**

Den andre Toftøydagen i Vikavågen var på alle måtar ein stor suksess. Folk storkoste seg i det fine veret og mange gav uttrykk for at dette var storvegges. 5-600 menneske var innom.

Toftøy nærmiljøutval i samarbeid med andre lokale foreiningar, stod bak arrangementet. Målet var å visa den mangfaldige kulturen som finst på Toftøyna. I gamle Ingjernaustet var det fotoutstilling med mange bilete frå gamle dagar. I telt på kaien kunne ein nyta utstilling av maleri, diverse handarbeid som vev, kvilting, knivar, smykke m.m. Det var også sal av lokale matprodukt, blomar, handarbeid til inntekt for lag og foreiningar.

Borna storkoste seg i hoppe-slottet og ball på vatnet som dei kunne gå inn i ved naustet til Geir Atle Vik. Frå scena på kaien var det sang og underholdning av mange lokale krefter.

Veteranbåten Vestgar låg ved Molokaien. Der kunne folk ta turen ombord, og køane var lange for å få kjøpt lapskaus og bollar. Elles gjekk salet av reker, brus, is, kaker og anna snacks strykande. Det var tomt av både det eine og det andre når det lei på dag.

Mange hadde tatt dei gamle oselvarane sine ut og tilbydde rotur på vågen. Dette skapte stemning og gode minne.

Første Toftøydagen vart arrangert for ti år sidan. Fleire meinte at det ikkje må gå så mange år til neste gong.



**TH. HELLESØY A/S**  
TLF. 5635 7140 - 5337 Rong  
**EUROSPAR**





# ein stor suksess



## Toftøy Nærmiljøutvalg

-arbeider for eit triveleg og godt  
nærmiljø for alle på Toftøy



## Familie- nytt



### Gebursdag

**105 år**

Brynjulf Torsvik  
fødd 10. august 1907

**85 år**

Margot Torsvik  
fødd 10. september 1927

Magnus Torsvik  
fødd 14. september 1927

**80 år**

Olav Alfred Toft,  
fødd 28. august 1932

**70 år**

Astrid Marie Birkeland  
fødd 5. juli 1942

Jorunn M. Abrahamsen  
fødd 31. juli 1942

Borghild M. Vik Høgh  
22. august 1942

**65 år**

Magnar Vik  
fødd 29. juli 1947

Gunnar Arthur Solsvik  
fødd 1. august 1947

Hjørdis Sigrun Vik  
fødd 8. august 1947

Oddvar Gunnar Torsvik  
fødd 31. august 1947

**60 år**

Ruth Berit Vik Holst  
27. august 1952

**50 år**

Ole Toft  
fødd 20. august 1962

Magnar Landro  
fødd 25. august 1962



**GODT HUMØR:** Brynjulf høyrer tungt, men med rett utstyr kan han framleis delta i samtalar på vanleg måte. Humoren er også intakt, slik han alltid har vore. Hos Brynjulf har alltid morosame kommentarar sete laust.

# Tredje eldst i landet

**Brynjulf Torsvik fylte heile 105 år 10. august. No er han den tredje eldste mannen i landet.**

Ifølgje dei kjelder Vikaskarven har tilgang på, er det to andre menn som er eldre enn Brynjulf, også dei er 105 år.

Jubilanten er ved god helse, les dagleg aviser og er elles svært interessert og engasjert i livet rundt seg. Seinast søndagen før han fylte 105 år, var han på biltur på gamle trakter på Vik og i Torsvik. På kjøreturen kommenterte han det han såg, både av gammalt og nytt.

Brynjulf vaks opp på Maiane i Torsvik. Foreldra var Daniel Bugge Torsvik og Nilsina f. Vik. Mora dødde (i fødsel) då

han var eitt år gamal, og bestemora Anna Maria, overtok ”morsrolla” for han og broren Mons (Danielsen). Han gjekk på skulen på Stølane på Vik, og fortel at han ofte gjekk til morslekta på Vik (Kørbestova) i matfriminuttet eller etter skuletid og fekk middag.

### Havets mann

Brynjulf og Mons var to svært ulike brødre. Medan Mons hadde stor interesse for dyr, plantar og bøker, var Brynjulf opptatt av båt og sjø. Etter konfirmasjonen i 1922 starta difor Brynjulf sitt yrkesliv med fiske og fraktfart.

I 1935 gifta han seg med Margit f. Torsvik, og i 1944 overtok han mora sin slektsgard (Kørbestova) i Raunhola på Vik. Han fortel at det var ei stor omstilling å flytta frå Torsvik til Vik.

Livet var travelt med jobb på sjøen kombinert med gardsdrift. Det var mange oppgåver som skulle skjøttast når han var heimom. Ferie var det aldri snakk om.

### Kulturskilnad

Men han fortel også at det var stor forskjell på kultur og folkelynne mellom dei to bygdene. Han var van med ein «open og humørfylt kultur», men måtte no tilpassa seg eit meir «lukka samfunn», der ein meir måtte vega sine ord i møte med naboane.

Margit og Brynjulf fekk seks barn. Den eldste, ein son, døydde like etter fødselen. Dei feira krongiantantbryllaup, 65 års ekteskap, i 2000. Et par år etter at Margit døydde i 2003, flytta Brynjulf til Tednebakkane omsorgssenter, der han no bur.

### Enorm familie

Brynjulf har alltid hatt stor interesse og omsorg for familien sin, som no tel 5 døtre, 5 svigersøner 19 barnebarn og 46 oldrebarn og 2 tippoldebarn. Etter kvart som alle desse stifta familie stilte han opp og hjelpte til på ulikt vis.

Han har malt mange hus og hogga mykje ved opp gjennom åra, og han kvidde seg ikkje for å gå høgt i stigen i ein alder av 90 år!

Nesten heile familien, som no tel godt over 100 personar, feira gebursdagen med Brynjulf på Tednebakkane.

Brynjulf har sjølv ei god forklaring på kvifor han har vorte 105 år:

– Eg har alltid vore velsigna med god helse, godt humør og stor arbeidslyst; og ikkje minst ei god kone!





# Var 50 år då han debuterte som syklist

**Per B. Vik var 50 år første gongen han fekk seg sykkel. Sidan har det vorte mange turar på to hjul.**

– Det er aldri for seint, slår Per B. Vik fast.

Mange har sett Per og kona Solbjørg på tur, enten til fots eller på sykkel. Dei er mellom dei mest aktive på garden, men Per var faktisk 50 år før han fekk sin første sykkel.

– Eg ville sjå korleis eg låg an, om eg ville greia å prestera, seier Per.

Prestera har han verkeleg gjort. Sidan han fekk sykkel har det vorte fleire deltakingar i både Bergen-Voss og Skjergardsrittet. I tillegg er han ein ivrig turgåar, både på Toftøyna og i Byfjellene når han deltek på 7-fjellsturen.

– Det er viktig for meg å vera i form, og ikkje verta stillesitjande. Eg held meg nokolunde, og eg har vorte betre på grunn av all syklinga, slår Per fast.

## I høgfjellet

Medan Vikaskarven snakkar med han, er Per saman med Solbjørg i Jølster for å gå i høgfjellet.

– Ein tur til Galdhøgpiggen vert det kanskje også, melder Per.

Per var ein av 5500 deltakarar som sykla Bergen-Voss i år gjennom vakker natur i Hardanger. Per brukte ni timar og to minutt på rittet. Då hadde



**SPREK:** *Mange har noko å læra av Per B. Vik når det gjeld mosjon.*

han lagt bak seg 165 kilometer, noko som må seiest å vera særst sprekt av ein 72-åring.

– Bergen-Voss gjekk veldig fint. Eg hadde ei punktering like før oppstigninga til Kvamskogen, og då prøvde eg å få hjelp, men det fekk eg ikkje. Då måtte eg ordna

opp i det sjølv, seier Per som hadde slange meg seg.

## Ny sykkel

Det Per synest er kjekkast med syklinga er å delta i løp. No har han fått seg ny sykkel som veg seks-sju kilo, noko som er mykje lettare enn den gamle syk-

kelen på 16 kilo. Dermed vert syklinga truleg endå kjekkare i tida som kjem.

– Sist kunne eg sykla opp Skjervet (siste lange bakken før Voss). Tidlegare har eg vore nødt til å leia sykkel. No er eg berre spent på kor lenge eg kan halda dette gåande, seier Per.

**45 år**

Marit Vik Pettersen  
fødd 20. juli 1967

**40 år**

Gitte Vik  
fødd 2. juni 1972

Alf Tore Vik  
fødd 11. juni 1972

Astrid Cathrine Torbjørnsen  
fødd 30. september 1972

**30 år**

Morten Vik  
1. mars 1982

Øystein Vik  
fødd 9. august 1982

Arve Barsnes  
fødd 16. september 1982

## Giftarmål

**Oddny Engen og Tor Simonsen**  
gift på Rong, 26. mai 2012

## Fødd

**William**  
fødd 7. mars 2012  
Foreldre er Chalotte Isager og Leif Kåre Vik

**Hanna Wastvedt**  
fødd 2. mai 2012  
Foreldre er Anette og Ole Andreas Wastvedt

**Magnus Solheim**  
fødd 5. mai 2012  
Foreldre er Caroline S.H. Solheim og Mats Henrik Solheim

**Vemund Vik**  
fødd 8. mai 2012  
Foreldre er Gunn-Karin og Arild Vik



## Hundeskit i veiane

Det ligg veldig mykje hundeskit i vegane rundt om kring på Vik. Det sjenerer folk som bur i bygda. Me henstiller til at hundeeigarar plukkar opp skiten og tek den med seg heim. Det er observert at folk tek skiten opp i ein pose, og hiv den i vegkanten. Det er ikkje godt nok.

## Nye og flotte turløyper

Alle turløypene på Toftøy har vorte pussa opp i sommar. Klipping, oppattmalning av merke, nye bruer og nye informasjonstavler er noko av det som har vorte gjort. Folk vert med dette oppmoda til å nytta seg av dei flotte turstiane me har utanfor stovedøra. Det-medverkar til at stiane held seg fine og opne, og ikkje minst får du betre helse og mindre mage på kjøpet.

## Vil ha tips

Redaksjonen i Vikaskarven tek gjerne i mot tips, historiar, sjølvlagte dikt, opplevingar og ulike bilete. Sei også frå om gebursdagar, giftarmål, fødsjar o.l. Sjå kontaktinformasjon under.

### VikaSkarven

Adresse: 5337 Rong  
Internettadresse:  
**vikaskarven.net**

Epostadresse:  
post@vikaskarven.net

### Redaktør:

Øystein Vik

### I redaksjonen:

Norvald Vik  
John Solsvik  
Bjarte Vik

Fire nummer pr. år.  
Trykkeri: Bodoni AS

Returadresse: Vikaskarven  
Norvald Vik  
5337 Rong

# Klart for jubileumsfest



## Vik Bedehus fyller 75 år i år. 8. og 9. september vert det jubileumsfest.

Det var flytting av skulen frå Stølane (der Ingvald Vik no bur) til Toft som gjorde at tanken om eit bedehus på Vik vakna. Dette utløyste eit behov for eit forsamlingshus for søre Toftøy. Etter at den nye skulen stod ferdig i 1936 i utmarka mellom Toft og Torsvik, vart det gjort forsøk på å overta gamleskulen på Stølane til bedehus. Det var uak-

tuelt for kommunen å selja skulen til dette føremålet. Byggjet vart nemleg flytta til Turøy og bygd opp att som skule der.

### Fekk gratis tomt

Dermed vart spørsmålet om kvar eit nytt bedehus skulle plasserast aktuelt. Hellemann tilbydde gratis tomt, og byggearbeidet kunne starta tredje påskedag i 1937. Alt 31. juli var huset klart, og søndag 5. september vart det nye huset innvia. Det første styret bestod av Paul M. Vik (første formann), Paul J.

Vik, Hallvard L. Vik, Isak D. Vik og Anders O. Vik.

### Mykje dugnad

Det var stor interesse mellom folk på garden for bygging av nytt bedehus. Både små og store deltok på dugnad av ulikt slag, og mange gav rentefrie lån og gåver til finansiering.

Folket på Vik har i alle år slutta opp om, og tatt godt vare på bedehuset, og det har fleire gongar vorte bygd om og modernisert. I 1994 vart arealet bortimot fordobla, og fronten i storsalen vart snudd frå sør til vest.

I motsetnad til mange andre bedehus rundt om i landet, er det også i dag stor aktivitet på Vik bedehus. Utanom søndagsmøte vert bedehuset brukt til samlingsstad for jente- og gutteforeining, vaksenforeiningar, øvingsrom for kor, yngres- og ungdomsarbeid, bibelundervisning, styremøte for ulike lag, osv.

Huset vert også flittig brukt til gebursdagsfeiring, dåps- og konfirmasjonsfestar, bryllaup og gravferd. I ein periode var også deler av huset utleigd til kommunalt dagsenter for menneske med nedsett funksjonsevne.

**ALGRØY**  
Elektro as

Tlf. 56 33 62 40  
algroyelektro.no

*Når du trenger elektriker*

## Inderøy Taxi & Transport

Tlf. 905 99 059 – Toft, 5337 Rong

No og med minigravarutleige